



Eid fjord kommune

Dato: 14.10.2019

Vår ref.: 2019/18063-2

Saksbehandlar: hanespe

Dykkar ref.:

## Innspel til handlingsplan for kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2019-2022, Eid fjord kommune

Viser til motteke handlingsplan for kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv til rullering 11. oktober, med frist 14. oktober. Seksjon for idrett og friluftsliv sine innspel vert sendt direkte til kommunen innan fristen, og lagt fram som referatsak til utval for kultur, idrett og regional utvikling 20. november.

Innspel til innhald, kapittelvis;

Kap. 1. Positivt at de legg opp til ny rullering av heile planen i 2020. Det bør vere med ei evaluering av gjeldande plan som del av bakgrunnen for arbeidet.

Handlingsplanen kunne gjerne gått meir inn i korleis medverknadsprosessane har vore. Fylkeskommunen ønskjer at det skal vere gode medverknadsprosessar i kommunane i alt planarbeid, og eit særleg satsingsområde for dette fagområde, er breie prosessar i anleggsutvikling, for å få handlingsplanar som i realiteten speglar både ønskjer og behov i kommunen. Gjennom samarbeid med m.a. Lokale og Anlægsfonden i Danmark, ønskjer fylkeskommunen at kommunane skal få rådgjeving og kompetanse med i desse prosessane, og utvikle gode nærmiljø og attraktive skuleområde. Eid fjord kommune vert oppmoda til å dra nytte av dette i eigne prosessar.

Kap. 2, 3 og 4 ser ut til å vere frå dei gamle føresegogene til spelemiddelordninga. Det er viktig at dette blir oppdatert.

Kap. 5 bør det vere ein meir forklarande tekst over tabellen, for å skildre kva som ligg i tabellen betre. Overskriftene samsvarar ikkje i teksten og innhaldslista.

Det vert stilt spørsmål til merknad om finansiering av kunstgras etter finansieringsnøkkelen. Det bør gå fram kva nøkkelen det er snakk om.

Kap. 6. Her kunne ein også hatt ein forklarande tekst over tabellen, for å skildre innhald. Lista over langsiktige behov verkar å vere frå 2016. Har det ikkje kome innspel til nye anlegg på lang sikt sidan 2016 i heile Eid fjord?

Kap. 7. Positivt med vurdering av resultat frå gjeldande plan. Nyttig med ein gjennomgang anlegg for anlegg.

7.5. Det er positivt med sanitæranlegg knytt til anlegg som har ein del bruk. Dette vil også kunne føre til utvida bruk.

7.6. Viser til innspel til kap. 1 om samarbeid om attraktive skuleområde og nærmiljø.

7.7. Eidfjord kommune vert oppmoda til å gjere ei vurdering av trøng og bruk for anlegget. Det er uheldig dersom idrettsanlegget ikkje vert utvikla til fordel for ad hoc parkeringsplass dersom det er eit behov for fleire fotballbaner.

Kap. 9. Her hadde det vore fint med forklarande tekst over tabell.

Flott at de har ulike nye anlegg i planen. Kommunen vert oppmoda til å samarbeide med dei som planlegg nye anlegg og sjå til ordningane for nyskapande anlegg og tidlegare omtala samarbeid knytt til skuleområde. Det er ønskjeleg at kommunane tenkjer meir kreativt i anleggsutviklinga for å imøtekome nye aktivitetstrendar.

Frilassen kan ein med fordel utvide med fleire element for å inkludere fleire idrettstypar, t.d. turn.

Svært positivt at Eidfjord satsar på å få dagsturhytta forankra i 2019. Reknestykket som vert lista opp er ikkje riktig – der det står at resterande beløp på 633.000 kan søkjast fylkeskommunen. Fylkeskommunen bidreg med eit tilskot (søknadsbasert) på kr 200.000,-, Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane gir ei gave på kr 100.000,- og så kan ein søkje spelemidlar på inntil 1/3 av totalkostnaden.

Kap. 10. Overskrifta samsvarar ikkje med innhald, som gjeld friluftsliv. Innhaldet bør skildrast meir utfyllande. Eidfjord kommune bør implementere satsing på friluftslivets ferdsselsårer, som er ei nasjonal satsing med eiga tilskotsordning. Denne arbeidet skal byggjast på resultata frå kartlegginga og verdisettinga av friluftsområda i kommunen. Også på dette området ønskjer fylkeskommunen ein brei medverknad, og hadde venta meir konkrete tiltak og planar for friluftsfeltet, då dette er eit viktig område for Eidfjord kommune. Kommunen kan med fordel ha ein plan for nærfriluftsliv knytt til sentrum, då det er mange tilreisande som kjem med cruiseskip og offentleg transport, og det elles er mange som oppheld seg i sentrumsområde.

Lukke til med arbeidet for ein aktiv kvar dag i Eidfjord!

Britt Karen Spjeld  
Fylkesidrettssjef

Hanne Espe  
Spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.